

Armauer Hansen - brilliant og brutal -

Den brillante forskaren som oppdaga leprabasillen og med det gjorde eit kjempesprang i kampen mot lepra. Bragden gjorde han verdskjend og bejubla i medisinske miljø over heile kloden. Den brutale legen som med makt stakk ei fattig, sjuk kvinne i auget med ei leprainfisert sprøyte. Han vart dømd i retten for det og sparka frå jobben. Gerhard Armauer Hansen var ein mann med mange sider.

Rakkaren som skulle bli den mest berømte norske lege gjennom tidene

19. juli 1841 vart ein allereie stor barneflokk i Bergen endå større. Elisabeth Concordia Schram og Claus Hansen fekk barn nummer åtte, Gerhard Henrik Armauer. Han vart langt frå den yngste i familien; seinare kom det sju søsken til. Dei budde rett bak Bryggen, i den gamle bydelen Kroken ved Mariakyrkja.

Vesle Gerhard hadde ein onkel og ei tante på Askøy utanfor Bergen, og desse var barnlause. Difor var guten hos slektningane store deler av tida som liten, og det seiast at han vart sunn og sterk av livet på garden.

Dei gongane han var heime, så måtte energien ut på anna vis.



Familiebilde frå 1853. Foto: UiB

Når han var i byen med familien, så var Gerhard Armauer langt frå noko englebarn. Han var med og slåss mot gutane i nabolaget, og hadde ein spesiell fiende i ein gut som vart kalla «Sprinklen», fordi han var fregnete. Det gjekk så langt at Gerhard Armauer slo ut ei fortann på stakkars Sprinklen. Dessutan var den vesle karen fæl å plage presten i Mariakyrkja; han sneik seg fleire gongar opp i klokketårnet under gudstenestene og ringte med dei tunge kyrkjeklokkene. Gerhard Armauer og brørne var mildt sagt sprelske under oppveksten.

Faren Claus var kjøpmann, med då Gerhard var 10 år gjekk faren konkurs. Det vart trongare kår for den store familien, men Gerhard Armauer fekk likevel skulegang. Som 18-åring gjekk han ut med examen artium frå Bergens Katedralskule.

Ungdomstid med store tankar

Gerhard Armauer ville bli lege, men studiane i Christiania måtte han betale for sjølv. Han tok til dømes vikariat som lærar, og studerte og jobba for fullt. Legestudenten var ein engasjert ung kar, og deltok aktivt i ulike diskusjonsforum. Han vart ein såkalla fritenkar, som ikkje hadde noko i mot å gjere opprør mot det som var gjeldande læresetningar i samfunnet. Det betydde at han ikkje tok religion for god fisk, og at han var open for å endre på inngrodde idear og tenkemåtar.

Då Gerhard Armauer Hansen var 25 år, tok han medisinsk embetseksamen og var eitt år på Rikshospitalet. Deretter gjekk turen til Lofoten som fiskarlege eit par månader, før han reiste heim til Bergen.

Heimbyen var blitt eit sentrum for pleie av dei spedalske, og dei var det mange av rundt fjordane på Vestlandet. Dei leprasjuka kom frå fjern og nær til Bergen, som hadde hatt St. Jørgens hospital i lang tid. No var det blitt så mange spedalske vestlendingar at det måtte byggast to nye sjukehus, Pleiestiftelsen for spedalske nr. 1 og Lungegårdshospitalet. Her skulle den ferske legen snart bli lommekjend.

Nyskjerrig på lepra-gåta

Armauer Hansen vart tilsett som lege både ved Pleiestiftelsen nr 1 og ved St. Jørgens hospital.



Armauer Hansen som ung mann. Foto: UiB

Her jobba det ein lege som allereie var blitt berømt for lepra-forskinga si, overlege Daniel C. Danielssen. Mykje av grunnen til at Bergen var blitt eit internasjonalt sentrum for forskning på spedalsksjuka var takka vere arbeidet til Danielssen.

Armauer var ikkje vanskeleg å be når det skulle forskast på lepra; han ville vere med å knekke denne medisinske gåta. Overlege Danielssen meinte sjukdommen var arveleg. Men fritenkaren Armauer Hansen var ikkje overbevist. Han såg nemleg at dei bygdene som sende sine sjuke på institusjon hadde få nye tilfelle fem år seinare. Det stemte ikkje med arveteorien. Men det kunne stemme godt med at lepra var smittsamt.

Hansen sette seg inn det nye, store som var kome til medisinarane – mikroskopering. No kunne dei undersøke sjukt og friskt vev og samanlikne. Fann dei fellestrekk her eller der?

Det var nok å forske på. Turen gjekk også til Bonn og Wien for studieopphald, og han møtte andre forskarar frå heile Europa som hadde fått opp augene for mikroskopet sine moglegheiter.

Sjefen Danielssen vart i 1870 til svigerfar Daniel, då Armauer gifta seg med overlegen si dotter, Fanny. Lukka varte ikkje lenge; den nybakte kona døydde av tuberkolose seinare same året.

To år seinare vart det bryllaup på nytt for Armauer, då gifta han seg med enka Hanne Tidemand. Ho hadde to born frå før, og som 35-åring vart Armauer Hansen far til deira felles son, Daniel Cornelius Armauer Hansen.

No hadde legen og forskaren jobba med leprapasientar i fleire år; han studerte vev i mikroskopet og reiste rundt på øyane utanfor Bergen og undersøkte dei spedalske der.

Enn så lenge var det framleis mange teoriar som vart diskuterte om årsaken til lepra rundt om i verda. Arv, miljø, smitte, stoff som dunsta opp frå jorda, dårleg hygiene, dårleg og feil kosthald, ein straff frå Gud – lepra var ei nøtt fagfolka ikkje fann ut av. Framleis var det ingen som visste kvifor enkelte menneske enda opp med den frykta sjukdommen og andre ikkje.

Armauer Hansen gav seg ikkje, og jakta iherdig vidare på bevis for smitteteorien.



Leprapasient, 1847. Foto: UiB

Grunnforsking som rocka!



På Pleiestiftelsen vart det skaffa pengar til eit nytt og betre mikroskop enn ein hadde hatt før. Armauer Hansen vart raskt fortruleg med det, sjølvsagt. Han studerte og stirra, og ein hustrig februarkveld i 1873 skjedde det store. I vevsprøver frå ein pasient fekk Armauer auge på nokre bittesmå stavforma saker. Kunne det vere bakteriar?

Det var det.

Denne kvelden skulle vere starten på slutten til spedalsksjuka i Noreg. Det var forsking som la grunnen til alt som skulle komme vidare, og for at ein no kunne ha ei kunnskapsbasert grunngeving for å seie at isolering av dei sjuke var det som måtte til.


Etter bakterieoppdaginga skreiv Armauer Hansen ein stor rapport. Men heilt fornøgd var han ikkje endå, det var framleis mange ubesvarte spørsmål. Det gjensto å verkeleg bevise at desse bakteriane var årsaken til lepra. Dessutan ville han farge dei slik at det gjekk an å sjå dei skikkeleg.

Jobben var med andre ord ikkje over, og forskaren heldt fram å arbeide. Fleire år seinare fekk Armauer besøk av ein tysk bakteriolog, Albert Neisser, som kom for å diskutere fag. Dette med farging av celler og bakteriar gav store moglegheiter, og gjesten fekk med seg prøver av basillane til Tyskland. Vel tilbake klara Neisser å fargelegge leprabakterien ved hjelp av nye fargeteknikkar. Han la dette sporenstreks fram på ein stor vitskapleg konferanse- utan å nemne Armauer Hansen.

Det fall ikkje i god jord hos den norske forskaren. Armauer Hansen kontra med å skrive artiklar som vart publisert både på engelsk, tysk og fransk og det ein viss debatt blant fagfolka om kven som var først ute med å oppdage leprabasillen.

Armauer gjekk til slutt sigrande ut, og fekk æra for oppdaginga av bakterien *Mycobacterium leprae*.

Albert Neisser og Armauer Hansen skværa også opp i etterkant, og den tyske bakteriologen gjekk vidare og hadde ei suksessrik karriere.



***Mycobacterium leprae*.**

Foto: Canva



Overgrep i vitskapen sitt namn

Armauer Hansen hadde lagt eit viktig grunnlag for å løyse lepragåta, men det var framleis mykje ein måtte finne ut av. I iveren etter å finne svar og bevis på smitteteorien, så gjekk forskaren over streken – sjølv i ei tid der dei spedalske hadde lite dei skulle ha sagt i samfunnet, og nærast var strippa for rettar.

Ved Pleiestiftelsen nr 1, der Hansen var overlege, budde Kari Nilsdatter Spidsøen. Ho var 36 år gammal, og hadde budd på Pleiestiftelsen sidan ho var 16 år. Ho hadde glatt lepra. Pasienten vart invitert til Armauer Hansen sitt kontor ein dag; han sa at skulle utføre ein liten augeoperasjon. Men det var slett ikkje sant. Kari var blitt plukka ut som forsøksperson til eit lepraeksperiment, utan å bli informert eller få sjansen til å seie nei.

Hansen hadde klar ei sprøyte med sjukdomspuss frå den knudrete forma for lepra, som han hadde teke frå ein annan pasient. No ville han sjå om Kari kom til å bli smitta av denne. Kari sette seg på bakbeina til den såkalla augeoperasjonen. Men til inga nytte. Hansen fekk assistenten sin til å halde ho fast i ein stol, og stakk ho i auget med den infiserte sprøyta.

Etterpå fekk Kari store smerter, og ho var naturleg nok oppskaka etter det som hadde skjedd. Det vart uro blant dei som budde på Pleiestiftelsen, og trass i at desse pasientane var nederst på den sosiale rangstigen, så fekk overgrepet store konsekvensar.

Presten ved hospitalet var på Kari si side, og til slutt enda saka i Bergen Byrett. Kari ville vite kva som hadde skjedd med ho og dei andre pasientane truga med opprør dersom det skulle vere greitt å behandle dei som forsøksdyr. Legestanden påsto på si side at kvinna var «hysterisk». Dessutan – det var svært verdifullt å finne svar på om det var eit smittestoff som var årsaken til lepraknutar. Dette var den einaste måten ein kunne gjere det på.

24. mai 1880 vart Armauer Hansen stilt for retten. Som einaste vitne hadde han sin tidlegare mentor og svigerfar, lepra-eksperten Daniel C. Danielssen. Han fokuserte på at Kari ville få ein raskare død om ho vart smitta av knudrete lepra; Armauer Hansen ville dermed ha gjort ho ei slags teneste.

I retten sa Danielsen at: *«Den knudrede Form har i Regelen en hurtiger Gang, saaledes at den ender den Syges Liv, men paa den anden Side medfører den glatte Form ulige større Nervalidelser end den anden.»*

Glatt og knudrete lepra

Lepra delast inn i to hovudtypar:

Glatt spedalskhet: pasienten har få bakteriar i kroppen. Det er i hovudsak nervesystemet som blir råka og viser seg i at delar av kroppen blir utan kjensle, med sårskader som konsekvens.

Knudrete/knutet spedalskhet: pasienten har mange bakteriar i kroppen og er veldig sjuk. Det viser seg i ulike knutar på hender, i ansiktet og i indre organ.

Hansen beklaga seg for at han ikkje hadde bede pasienten om samtykke før han eksperimenterte på ho, men sa også: *«da jeg ikke kunde forutsette at patienten vilde betrakte forsøket fra det samme synspunktet som jeg selv og da jeg mente at være fuldkommen herre over den muligens optredende affektion, undlot jeg dette».*

Det var på mange måtar David mot Goliat – ei fattig kvinne med lepra mot ein mektig forskar og lege.

Ei veke etter at rettsaka starta fall dommen. Armauer Hansen vart skulda for lekamsfornærming mot ein vergelaus person og misbruk av stillinga som lege. Han vart fråteken jobben som lege ved Pleiestiftelsen, og skampletten vart offentleg.


Dommen i Bergen vart viktig på fleire måtar. Det er eit tidleg døme på kva som er greitt og ikkje greitt å gjere for vitskapen. Sjølv ikkje ein verdskjend forskar med gode intensjonar kunne behandle eit medmenneske på denne måten, og kravet om samtykke frå pasientar vart etablert som norsk rettspraksis. På denne tida var det sær s uvanleg at ein høgtstående mann vart dømd for noko mange berre ville trekt på skuldrane av. Det var jo berre snakk om ein leprapasient som uansett skulle dø.

Kari Nilsdatter Spidsøen sto opp mot systemet og endra det. For hennar eigen del gjekk det ikkje så bra, ho døydde eit par år etter rettsaken.

Tida etter rettssaka

Sjølv om Armauer Hansen ikkje lenger kunne utøve legeyrket ved Pleiestiftelsen, så heldt han fram med å forske på og studere lepra – han hadde framleis tittel som «overlege for den spedalske sjukdom». Han tok jobb på Bergens Museum, og reiste blant anna til USA for å studere lepra hos innvandrara frå Noreg. Hansen hadde også mange verv innan forskingsmiljøa og heldt fram med å vere ein sær engasjert ekspert på lepra. Også Darwin si evolusjonslære vart viktig for han, og han fronta dette i mange fora. Kvalfangst, sjøliv, hypnose og røntgen var også saker Hansen studerte og jobba med den siste delen av yrkeslivet sitt.

Kunnskapstørsten famna vidt, og for Armauer Hansen var det alltid noko nytt å lære meir om.



Armauer Hansen. Foto: UiB

Armauer Hansen reiste på mange studie- og forskningsturar. I 1912 døydde han under ei embetsreise til Florø.

Forskaren ville kremerast, og urna hans vart sett ned under bysta av han som står i Museumshagen ved Universitetet i Bergen. Han var ein stor forskar som gjorde fantastiske funn for storsamfunnet – men han gjekk også over streken i sin iver etter å løyse lepragåta.

Ære og heder

I sine siste år fekk Armauer Hansen ei rekkje internasjonale og ærefulle titlar for å ha oppdaga leprabasillen.

Blant anna vart han utnemnt til riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden i 1892, han fekk kommandørkorset i 1901 og vart kommandør av første klasse og vart ærespresident ved den internasjonale leprakongressen i 1909. I dag er det fleire gater og bygningar i Norge som er oppkalla etter Armauer Hansen. I land der lepra framleis er eit problem, heng portrettet hans både i klasserom, på sjukehus og på museum. Det finst fleire Armauer Hansen forskningsinstitutt; det største er i Addis Abeba, Etiopia, og var i fleire år drive i samarbeid med Universitetet i Bergen.


Hansen har også pryda frimerke i ei lang rekkje land. Og sist, men ikkje minst – i utlandet blir spedalsksjuka oftast kalla "Hansens disease".



Frimerker av Armauer Hansen. Foto: UiB

SPØRSMÅL TIL DRØFTING:

- Reflekter kring hensynet til storsamfunn og individ – kor går grensa for kva ein kan utsette enkeltindividet for når ein vil verne om dei mange?
- Lag ei tidslinje over dei viktigaste hendingane i Armauer Hansen sitt liv – kva ringverknader har desse fått?
- Kan det vere rett at dei friske skal ha fleire rettar enn dei sjuke? Eller bør det vere omvendt?



Armauer Hansen. Foto: UiB



KJELDER:

Alle sakspapir frå rettsaken til Armauer Hansen digitalisert -

https://media.digitalarkivet.no/rg/browse?archives%5B%5D=no-a1450-07000000001090&start_year=1880&end_year=&text=

Store Norske Leksikon - https://nbl.snl.no/Gerhard_Armauer_Hansen

Universitetet i Bergen - <https://www.uib.no/ka/50966/overgrep-i-vitenskapens-navn>

Folkehelseinstituttet - <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/lepra-spedalskhet---veileder-for-he/>